

**Hans Christian Arnøy  
Vikshålandvegen 6**

**Avaldsnes**

Dato: **24.10.2023**  
Saksnr.: **2023/61724**  
Dok.nr.: **2**  
Saksbehandlar:  
Angunn Skeiseid

## **Karmøy kommune - gnr 127 bnr 6 - førespurnad gravminne ID 14710 - Vikshålandvegen 6 – fråsegn etter synfaring**

Fylkesdirektøren viser til tidlegare korrespondanse, samt synfaring den 05.10.2023.

Saka dreier seg om ein førespurnad om statusen til kulturminnet med ID 14710 på gnr 127 bnr 6 i Karmøy kommune.

### **Bakgrunn for saka**

Fram til 2017 hadde dette kulturminnet status som uavklart i kulturminnedatabasen Askeladden, men vart i 2017 kontrollregistrert og fekk då status som automatisk freda, og er då freda i medhald av kulturminnelovens §4.

Eigar har nå sendt inn ein førespurnad om dette er ein gravhaug eller ikkje og vi drog i samband med det, på synfaring.

### **Vår vurdering**

Plassering, form og utsjånad gir sterke indikasjonar på at dette er ein gravhaug. Den ligg høgt i terrenget – på ein topp og har i gammal tid hatt godt utsyn og innsyn til andre viktige element i landskapet og til andre gravminne. Han har vore ein viktig landskapsmarkør.

Dersom eigar ønsker å gjere tiltak på eigedommen sin, må det sendast søknad til Karmøy kommune, jf pbl §19-1, der regional kulturminnemyndigheit er høyringsinstans. Fylkesdirektøren vil då kunne uttale seg til dei ulike tiltaka og sette det opp mot eventuell konflikt med kulturminneinteressene. (Sjå vedlagt kart der det som er innanfor område med blå strek, er område kor vi meiner ein bør vere ekstra påpasseleg med tanke på tiltak og kulturminnet sine omgjevnader).

Avslutningsvis vil vi minne om at haugen er formelt freda i mh av Kulturminnelovens §4 og at det er forbode å foreta nokon som helst form for inngrep i/skjule/skade/skjemme gravminnet, jf lov om kulturminne §3.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
spesialrådgjevar

Kopi til: Karmøy kommune

Vedlegg: Kart - hensyn

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*